



Gisle Andre Utkilen  
Utkilneset 10  
5953 FONNES

Dykker ref.: Vår ref.: Dato:  
20/4887 - 11 / ANT 22.01.2021

## Kommentar på saksvedtak - 217/20 - gbnr 132/35- Informasjon

Austrheim kommune viser til e-post datert den 18.01.2021 der du tek opp eit løyve som er gjeve den 17.12.2020. Du skriv følgjande:

*Jeg har funnet denne saken på postliste til kommunen i dag.*

*Ser det er gitt løyve til vann og avløp i forbindelse med byggesak på Utkilen både på 132/35 og 132/36. Utbygger har prøvd å få til en løsning med meg, hva avløp angår. Da snakket han om at det skulle settes opp mikrorenseanlegg. I vedtaket er det gitt løyve for slamavskiller. Hva er rett? Hva er kravet til nybygg? Min avløpsledning ligger i samme område som ny er tenkt ut. I samme område er det og andre kabelgrøfter.*

*Utbygger har ikke klart å få i stand avtale med meg om felles løsning. Mitt avløp ble godkjent en gang midt på 1970 tallet, da med forutsetning av at det skulle dimensjoneres på et slikt vis at evt andre skulle kunne koble seg på ved senere anledning. Ser heller ikke av skissen i godkjenningen hvor dette er tenkt ut i sjø.*

*Hvorfor har ikke kommunen tatt hensyn til at det allerede er avløpsslanger i området?*

*Hører og fra andre naboer i området at det foreløpig ikke er på plass noe samarbeid om fremføring av kommunalt vann. Per nå ser det ut til å bli to sløyfer i området. Ser fremstilt snarlig tilbakemelding på dette*

*Ber om at jeg for ettermiddagen blir kopiert alt hva angår løyver og vedtak hva disse to tomtene angår*

*Vennlig hilsen  
Gisle Utkilen*

Austrheim kommune vil først visa til din klage på rammeløyve til bustad gjeve på dykker nabotomt. Denne klagen vil verta handsama snart, og vil etter planen koma opp i formannskapsmøte den 18. mars 2021. Her er du part i saka, denne klagen din kom inntil oss innan klagefrist. Dette til orientering.

Nå det gjeld utsleppsløyvet som var omsøkt for bustadtomtane gbnr. 132/35 og 132/36, og som vart handsama den 17.12.2020 så ser ikkje kommunen at det er gjort noko feil her. I dette området er det

mogeleg med slamvaskiljar og leidning ut i sjø. Handsaminga av kor leidninga skal etablerast i sjø tek Bergen Havn seg av etter at søknad kjem dei i hende, og Bergen Havn gjer vedtak etter havne- og farvannslova. Utsleppsløyvet er og førande her.

Dersom privatretslege avtalar ikkje kjem på plass i eit område, når det gjeld samarbeid om VA-leidningar, så handsamar alltid Austrheim kommune søknadar som kjem inn. Desse leidningane som vart omsøkt går ikkje på din grunn, og vil ikkje råka deg direkte på nokon måte. Søkjar må og i samband med dette VA-arbeidet ta omsyn til din avløpsleidning som går i området her. Entreprenørar og røyrleggjarfirma er flinke til det. Me er kjent med at du har avløpsledning i området, me er og kjent med at avtale om fellesløysing ikkje var noko som kom på plass her privatretsleg, det legg ikkje kommunen seg opp i.

Dersom du kjem fram til avtale med nabo om at han/dei kan knyta/betala seg på eksisterande avløpsleidning som gå ut i sjø, og og om den går langt nok ut i sjøen her, så kan det godkjennast av kommunen om det kjem søknad om det, om den er underskiven av eigarane til avløpsleidninga.

Austrheim kommune er alltid fornøgd om samarbeid om framføring av kommunalt vatn og vert gjort i eit område, det er rimlegare både i investering- og i driftsfasen. Det er betre økonomi for alle og det, men dette kan og vil ikkje Austrheim kommune blanda seg opp i når det gjeld private stikkleidningar. Dette er, og vert privatretsleg. Det er alltid positivt om nabobar får VA- leidningar på plass i eit samarbeid, og at dei ser fram til å få slikt på plass i eit godt fellesskap.

Austrheim kommune ser ikkje at du er ein part i saka som gjeld legging av VA-leidningar som ikkje går på din eigedom, eller som ikkje vil råka deg på nokon vis. Desse VA-leidningane er ikkje til ulempe for deg på noko vis. Du vil heller ikkje sjå dei då dei vert gravd ned. Omsyn skal takast til alle lediningar som er i eit område i samband med legging av nye.

Dette til orientering.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakere:**

Gisle Andre Utkilen

Utkilneset 10

5953

FONNES